


Vers. 13.01.2016/EMS/rev. 02.02.2016

---

## INTENSJONSAVTALE

Samanslåing av kommunane Vågsøy, Selje og Vanylven



## **Vedteke i**

**Vågsøy kommunestyre (28.01..2016)**

**Selje kommunestyre (xx,xx,2016)**

**Vanylven kommunestyre (xx,xx,2016)**

## **Innleiing**

Vågsøy, Selje og Vanylven kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Den nye kommunen skal legge til rette for folkevekst og vere ein god utviklingsaktør.

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Oppgåver som kan leggast inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggjarane har første prioritet.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

## **1. Mål**

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å :

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane.
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad.
- Behalde stadtidentiteten til innbyggjarane.

Delmåla er å:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Vidareføre det positive ein har tileigna seg regionsvis på tvers av kommunegrensene.

## **2. Gode tenester**

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, helse og omsorgstilbod, barnehagar og kulturtilbod.
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnarskap og samhandling.
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

### **3. Fylkestilhørighet**

Det er nokre utfordringar i høve at kommunane høyrer til to ulike fylke, der vidaregåande skular og sjukehus er dei viktigaste. Det vert utført ei utgreiing på fylkesoverføring, og ein vil søkje å finne dei beste løysingane for innbyggjarane.

### **4. Kommuneorganisering**

#### **Kommunesenter**

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Måløy.

#### **Organisering**

Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å få ei god spreiing av kommunale arbeidsplassar og funksjonar i heile kommunen.

Vi er samde om at kommunesenteret bør innehalde den strategiske leiinga:

- Ordførar
- Rådmann
- Kommunalsjefar
- Fagstab
- Økonomisjef og personalsjef
- Overordna plan- og utviklingsarbeid
- Service

Vi er og samde om at:

- Det skal etablerast ein kommunedelsadministrasjon med publikumsretta oppgåver, slik at sentra vert stimulert gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg.

- Likeeins skal mellom anna vaktmesterteneste, reinhald og beredskap ha tilhald der dei er i dag, nær brukarane, men den faglege leiinga må samlast i ei eigedomsforvaltning.
- Ein skal ha gode, tilfredstillande digitale løysingar, slik at ein kan kommunisere på ein effektiv måte til trass for avstandane.
- Tverrfaglege kompetansemiljø skal organiserast slik at dei ulike tenestene er lett tilgjengelege for brukarane.

Ved framtidig effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

#### **Prinsipp:**

Prinsippet er å fordele oppgåver – alle kommunane må ved ei samanslåing få tildelt oppgåver. Verdien av dette må vurderast i høve til ulempene (kva det må takast omsyn til).

Det visast til vedlagt notat med fordeling av tenester i den nye kommunen.

## **5. Politisk styring**

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter KL. §8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha 45 medlemmer.

Ein vil ivareta lokaldemokratiet ved å ha eit stort tal medlemmer i kommunestyret.

Fellesnemnda (FN – jf. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrivande i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen.

Forhandlingsutvalet vil og halde fram sitt arbeide frå vedtak og til samanslåinga er gjort.

## **6. Kommunenamn og kommunevåpen**

Namnet på den nye kommunen vert: Statt, Stad, Stadt kommune.

Det er Stortinget som gjere endeleg vedtak om kommunenamn.

Den nye kommunen skal få nytt kommunevåpen. Dette vert utforma etter at det kommunenavnet er vedtatt.

## **7. Målform**

Målforma i den nye kommunen vert nynorsk.

## **8. Interkommunale selskap/samarbeid**

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet.

Målet er at den nye kommunen tek flest mogeleg av oppgåvene. Vi er difor alt no samde om å avvikle, endre eller rydde samarbeid.

## **9. Økonomi**

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- Orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei.
- Nye investeringar må sjåast i eit regionsperspektiv..

## **10. Samordning av planverk**

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## **11. Arbeidsgjevarpolitikk**

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skapar gode relasjoner mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at den er etablert.

Det betyr at:

- Alle tilsette sine noverande rettar vert aksepterte i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk.
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det vert overtalige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid i rimeleg avstand.
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP.

Det partsamansette utvalet (PSU, jfr. Inndelingslova §26) skal lage eit omstillingssdokument som:

- Harmonisering av ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m.)
- Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette.
- Harmonisering av lønsskilnader over tid.

Dato:

Lena Sande Landsverk

Kristin Maurstad

Stein Robert Osdal

Ordførar Vanylven kommune

Ordførar Vågsøy kommune

Ordførar Selje kommune

